

Rettleier for bruk av kartteneste

Karttenesten med jordbruksareal som kan være ute av drift finn du på denne sida:

<https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/landbruksforvaltning/>

Kartteneten inneheld desse data:

- [Areal som kan vere ute av drift utregnet av NIBIO](#) (med tal frå 2019. Tal frå 2018 er tilgjengeleg)
- AR5 – jordbruksareal
- Eigedomsgrenser
- Flyfoto/vanleg bakgrunnskart

Karttenesta er bygd opp med ein sveipefunksjon slik at ein kan sveipe bort areal ute av drift for å sjå flyfoto i bakgrunnen.



Areal som kan vere ute av drift er fordelt i 4 kategoriar der kvar kategori er delt på maskinelt høstbart jordbruksareal og innmarksbeite.

1. Heile landbrukseiendomar
2. Areal utanfor landbrukseiendomar
3. Uavklart areal som ikkje er knyt til ein eigedom
4. Del av landbrukseiendom
 - 25-49% mogleg ute av drift
 - 50-74% mogleg ute av drift
 - 75-99% mogleg ute av drift



Trykk på flatene i kartet for å sjå meir informasjon om arealet. Fleire areal kan vere tilknytt same eigedom og ha same informasjon.

Registrering av status for areal.

For å kunne registrere i kartet må ein ha brukarnamn og passord. Dette får ein ved å kontakte Knut Sindre Vale (fmveksv@statsforvalteren.no)


Det er òg ein eigen kartteneste som må opnast for å kunne registrere i kartet. Alle registreringar blir synleg for alle. Lenke til kartet: [Areal som kan vere ute av drift - redigering](#)

Statsforvaltaren har lagt opp til at den einskilde kommunen kan registrere status på kvart enkelt areal som kan vere ute av drift. **Applikasjonen kan og brukast på nettbrett ute i felt.**

For best mogleg statistikk i ettertid er det viktig at kvart enkelt areal får ein status. I kartet har alle areal fått eit punkt med klasse X – ikkje vurdert. Kommunen må da trykke på punktet og endre status. Det er ikkje nødvendig å legge til fleire punkter.

I kartet skal det registrerast status for kvart område som kan vere ute av drift.

- Vel område i kartet.
- Trykk på redigeringsknappen oppe i høgre hjørne.
- Trykk på eit grått punkt og vel status i nedtrekkmeny.
- Legg til svar på spørsmål om «kvifor denne klassen?».
- Legg til eventuell merknad, og dessutan namn og dato for registrering.
- I botn er det mogleg å legge til bilde («velg fil»)
- Trykk så lagre.



Status arealer ute av drift versjon 2	
OBJECTID	14378
Status på areal ute av drift	Areal som skjøttes, men ikke berettiget produksjonstilskudd (klasse 2)
Hvorfor denne klassen?	
Merknad	Eigar tar vare på arealet, men ikkje søkt om PT
Navn på redigerer	Knut Sindre Vale
Dato for redigering	4/20/2021
GlobalID	712edd3f-20d8-4ba2-a526-1a4a58e2a7ee
Attachments:	
None	
Add:	<input type="button" value="Velg fil"/> Ingen fil valgt
Edited by fmvv_gia_koordinator on Monday at 9:58 AM	
<input type="button" value="Save"/> <input type="button" value="Delete"/> <input type="button" value="Close"/>	

For val av status er det 6 klassar, sjå òg prosjektbeskriving for nærare informasjon om dei ulike klassane. I tillegg er det mogleg å velje 'må endrast i AR5' der ein veit at arealet er eller skal endrast.

-  Klasse X - Arealet er ikke vurdert.
-  Klasse 1 - Areal i drift - berettiget produksjonstilskudd.
-  Klasse 2 - Areal som skjøttes, men ikke berettiget produksjonstilskudd.
-  Klasse 3 - Areal ute av drift som bør være i drift.
-  Klasse 4 - Areal ute av drift som kan vurderes tatt varig ut av drift.
-  Klasse 5 - Arealet er vurdert - har en annen eller usikker status.
-  Må endres i AR5

Der arealet er delvis ute av drift er det da mogleg å sette klasse 1 på dei areala som er i drift, og klasse 3 på dei areala som ikkje er i drift innanfor same eigedom. I bilete under vises arealet for ein eigedom der 62 dekar (av 90 dekar) er i drift og 30 dekar av arealet er ute av drift.

